

Gode kolleger!

Med dette siste «Nytt frå PKO» for året takker PKO i Helse Førde våre samhandlingsparter for samarbeidet i 2022 og ynskjer God Jul og Godt Nyttår. Vi tillet oss også å minne om at vi framleis har ei PKO stilling på 20% ledig med hovudansvarsområde for kommunane i indre Sogn og Lærdal sjukehus.



Fagdag i Helse Førde for fastlegar og spesialistar vedr forebygging av tvang i psykisk helsevern for vaksne

Psykiatrisk klinikk, Helse Førde ønsker velkommen til fagdag for fastlegar og spesialistar ved Scandic Sunnfjord hotell 21.april 2023.

Det blir søkt om godkjenning frå DNLF som valfritt kurs og frå Norsk Psykologforening som vedlikehaldskurs.

Ronny Cassells belyser temaet frå ein fastlege sin ståstad. Evy-Helen Hellesteth oppdaterer oss på lovverk. Bjørn Henning Østenstad vil snakke om samtykkekompetanse og Ewa Ness tek for seg to emner, sjølvmondsrisikovurdering og akutt behandling av emosjonelt ustabile tilstandar.

Vi legg opp til erfaringsbasert dialog mellom deltakarar og forelesarane.

Invitasjon med program og påmelding kjem.

[Teaser fagdag 21.04.2023.pdf](#)

<https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/tvang-forebygging-av-tvang-i-psykisk-helsevern-for-voksne>

"Purring" på tilvising skal sendast som dialogmelding!

Seksjon for kliniske fagsystem skriv til PKO at Helse Førde har hatt ein god del tilfelle der ekstern tilvisande lege sender purring på tilvising som «ny tilvising». Avhengig av kven som vurderer tilvisinga her, vert den i nokre tilfelle vurdert på nytt og kjem på ventelista i tillegg til den som allereie ligg der. Det skal brukast dialogmelding ved purring på tilvising som er sendt frå før.

PTA/ audiometrivedlegg på pasientar ved tilvising med audiologiske problemstillingar.

ØNH avdelinga skriv til PKO om at mange tilvisingar til høresentralen ikkje innheld nødvendig dokumentasjon med audiometriopplysningar. Saka har tidlgare vore omtalt på PKO nettsidene og i "Nytt frå PKO". Dei skriv: "Dette er i ferd med å bli dårlegare att, og det ser ikkje ut som korkje erfarne eller nye legar ute konsekvent tek med dette. OG-nokon prøver men skriv at dei ikkje får lagt ved audiogramma i elektroniske tilvisingar, medan nokre greier det. Kunne de ha teke ein gjennomgang på dette, og sett på kva som er problemet, og om det kan løysast? Kanskje nokre har løyst ei datateknisk utfordring, og nokon ikkje? Nokre skriv at dei ettersender audiogram med post, men det er IKKJE til nytte for oss, for då er henvisinga allerede vurdert, og vi kan ikkje la dei ligge til vi har fått ev. brevpost. Det blir for tungvindt i dokumentstraumen vår. " PKO minner om at det er enkelt å kopiere inn i tilvisinga audiometriresultat som nok dei fleste legg inn i journal eller lab på ein eller annan måte uansett. "A Pure Tone Average (PTA) refers to the average of hearing threshold levels at a set of specified frequencies: typically 500, 1000, 2000 and 4000 Hz".... så her held det å føre opp høreterskelen ved desse målingane.

Samhandlingsbarometeret

Samhandlingsbarometeret er ein kunnskapsbank mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Den blei i si tid etablert rundt Helse Førde og kommunane omkring. Etter kvart har barometeret vorte ein nasjonal kunnskapsbank, men informasjonen er lett søkbar ned på kommunenivå. Siste oppslag handlar om kommunale akutte døgnplassar (KAD/ØHD) og bruken av desse.

<https://samhandlingsbarometeret.no/>

Oppdaterte samhandlingsnettsider for Helse Førde med nytt visuelt uttrykk

Samhandlingssidene i Helse Førde har mykje viktig og interessant stoff - også for allmennlegetenesta. Sidene blir redigert av samhandlingssjefen og samler det meste av dokumentasjon som har med samhandlinga mellom Helse Førde og kommunane å gjere.

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

Rekvisisjon av poliklinisk obduksjon

Ståle Sund , overlege ved patologisk avdeling i Helse Førde, har sendt epost til PKO som vi vidareformidlar jfr under.

Rekvisisjon av poliklinisk obduksjon (sykehusobduksjon, kfr. obduksjonslova) MÅ rekvireres som før – dvs. på dertil laget obduksjonsrekvisisjon eller alternativt i fritekst der det må fremgå at omstendigheter vis a vis politiobduksjon er avklart («ikke rettsmed. obduksjon»), og at pårørende ikke reserverer seg mot obduksjon. Det vanligste er at slik rekvisisjon følger avdøde til sykehuset, dette i samråd med byrået som bringer inn avdøde. Det er sikrest dessuten alltid å ta kontakt med patologiavd. telefonisk på forhånd, der kan også omstendigheter rundt dødsfall diskuteres ved behov.

[Rekvisisjon av poliklinisk obduksjon.pdf](#)

Rutetider for Intern transport i HF for jul og nyttår 2022

Info frå transportadelinga Helse Førde. Vedlagt følgjer rutetider for Intern transport i HF for jul og nyttår 2022. Informasjonen vert også lagt ut på HF si Intranettside under driftsmeldingar. Det er viktig at ein informerer vidare til dei som elles er berørt av internttransport i HF, og som ikkje står på denne e-posten

Ta kontakt om noko er uklart

Torstein Solset

Avdelingssjef HF / Transportkoordinator intern transport HF

+4791568184

[Kopi av Transportrute - jul og nyttår 2022.pdf](#)

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Normund Rolleiv Svoen

Praksiskonsulent/Leiar for PKO i Helse Førde

Mobil 95770807

Privat epost: svoens@gmail.com

Virtuelt møterom: 997564

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

<https://helse-forde.no/>

